

PLANINITIATIV

BESTILLING AV OPPSTARTSMØTE DETALJREGULERING FOR HOLMEN GRUVE OG DEPONI

For at kommunen skal ha eit best mogleg grunnlag for vurdering av planinitiativ og gjennomføring av oppstartsmøte ber vi om at dette dokumentet fyllast ut så langt som råd, jf. *forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven*. (rev. 29.01.19).

Dato: 24.01.2020 /Revidert 13.03.2020

1. Ansvarlege	
Fagkyndig plankonsulent	
Firma	Opus Bergen AS
Org. nr.	921610602
Adresse	Nordre Nøstekaien 1
Postnummer	5011
Poststad	Bergen
Telefonnummer	55214150
E-post	post@opus.no
Kontaktperson for prosjektet hos fagkyndig	Nancy Jøssang
Fagkyndig plankonsulent har møteplikt på oppstartsmøtet	
Forslagsstillar (fyll ut informasjon om dei resterande deltakarane på pkt. 19)	
Firma/privatperson	Gudvangen Stein AS
Org. nr.	946 362 158
Adresse	121 Nærøydalen
Postnummer	5747
Poststed	Gudvangen
Telefonnummer	97554840
E-post	arnstein.bjorke@forlagshuset.no / frode@gudvangenstein.no

Kontaktperson for prosjektet hos forslagsstiller	Frode Øvsthus Arnstein Bjørke (<i>deltar på oppstartsmøtet via Skype</i>)
--	--

2. Egedomsopplysningar	
Gards- og bruksnummer(e)	gnr. 61, bnr. 8 og 6, mfl.
Adresse/stadnamn	(Gnr 61 Bnr 12) Holmen, 5747 Gudvangen
Eigars namn	Gudvangen Stein AS for bnr. 8 og Sigvar Brusegard for bnr. 6
3. Formålet med planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav a)	
<p><i>Formålet med planen er å etablere deponi for mineralske masser i fjellhaller under bakken, samt ta imot flygeaske, kombinert med fortsett gruveverksemd med uttak av anortositt.</i></p> <p>Det vil regulerast i to plan, eit på bakkenivå og eit under bakkenivå. Plangrensene for dei to nivåa vil ikkje vere identiske. På bakkeplan følger ein plangrense for gjeldande plan og kommunal veg fram til tunnelmunninga, og tek i tillegg inn det som er naudsynt for frisiktsone i forbindelse med åtkomst frå E16 i sør. Under bakkenivå følger ein i hovudsak eigedomsgrenser, samstundes som ein har god avstand til elv. Alt av noverande gruveareal er innafor plangrense. Det er godt mogleg at plangrensa vil snevrast noko inn i løpet av planprosessen, når grep og løysingar vert klarare.</p> <p>Området vert i dag nytta til gruvedrift av Gudvangen Stein. Bergarten anortositt blir teke ut. Gruvedrifta etterlet tomme holrom/fjellhallar. Planen tek sikte på å fylle eksisterande og framtidige fjellhallar frå gruvedrifta med mineralske avfallsmassar, samstundes som gruvedrifta vert opprettheld. Avfallet vert lagt i fjellhallar under bakken i dalen, og ikkje oppe i den 937 meter høge fjelltoppen, Jordalsnuten. Gruveanlegget ligg kloss i E16 som er stamvegen mellom aust og vest.</p> <p>Gruveverksemda skal halde fram som i dag, med vidare uttak av anortositt i tråd med konsesjon. Anortositt uttak skapar ingen overskotsmassar, 100% skipast ut og nyttast. Holromma er egna som deponi.</p> <p>Avfallet det er snakk om er mineralske faste massar, slik som f. eks. jord og betong frå bygg og anlegg i forbindelse med sanering eller byggeprosjekt, samt oske frå forbrenningsanlegg, som tar imot restavfall frå hushald. Mykje av oska er ordinært avfall, men noko av det har høgare nivå av sink, og derfor blir det rekna som farleg avfall. Geologiske, hydrogeologiske og geokjemiske forhold ved denne sjeldne anortositt-førekosten gjer at gruvene er spesielt godt egna for permanent lagring av forureina masser, som samfunnet trenger trygge løysingar for, i kraft av sin tettheit, ifølge Norsk Gjenvinning.</p> <p>Det er ein føresetnad i deponiregelverket, (avfallsforskrifta §9 for deponi), at nye deponi skal utformast og driftast etter svært strenge krav til tettheit, driftskontroll, overvaking og miljørisiko-vurderingar, slik at massane skal handterast og lagrast på forsvarleg vis, utan å skade eller påverke naturen omkring, eller setja arbeidsplassar i gruva i fare.</p> <p>Trafikk vil vere eit sentralt tema. Det er mogeleg å nytta den tomme kapasiteten som allereie finns, i og med at køyretøya som transporterar anortositt ut av gruva kjem inn tomme frå hamna i Gudvangen, 8 km frå anlegget. Dermed skal ein skal sjå på moglegheitene for å nytte same køyretøy, til å transportera anortositt ut av gruveområdet, og frakte mineralske massar inn i området. Ein vil etablere ny aktivitet side om side med eksisterande gruvedrift utan å auke trafikken i særleg grad.</p>	

<p>Det vil vere eit mål for planen å finne berekraftige løysingar, både knyta til transport og å syta for at lagringa ikkje skal tilføra forureining til miljøet. Ein må og sikra at det ikkje oppstår uønska tilhøve som følge av kombinasjonen forsett gruveverksemd og deponi. Prosjektet vil kunne vinne på å flagge tydelege og konkrete miljøomsyn og sørge for at fotavtrykket ikkje aukast.</p>	
<p>4. Kommuneplanen og gjeldande retningslinjer, jf. § 1, andre ledd, bokstav g)</p>	
<p>Kva overordna planar gjeld for planområdet, kva føringar gir dei, og i kva grad vil den nye planen følge opp desse føringane?</p>	<p>Kommuneplanens arealdel (KPA): Gjeldande planstatus for planområdet i Aurland sin kommuneplan (2008-2020) er illustrert i figurvedlegg. Store deler av planområdet og kringliggjande område er restriksjonsområde, dvs. område unntatt frå rettsverknad. Eit mindre område er restriksjonsområde og avsett til framtidig erverv. Det er og område avsett til LNF og samferdsle. I nord og dør er store område bandlagt etter lov om naturvern, dvs. det er del av landskapsvernområdet omtalt under.</p> <p>Naturvernlova og landskapsvernområde Gruvedrifta og planområdet er omkransa av eit større landskapsvernområde (vist i figurvedlegg). Det er etter Naturvernlova (§ 5) eit mål å «bevare egenartet eller vakkert natur - og kulturlandskap». I eit landskapsvernområde vil kulturlandskapet ofte vere ein del av det karakteristiske kjenneteiknet på området. Forvaltninga av eit landskapsvernområde vil difor i større grad vere retta mot skjøtsel av kultur-landskap og tilrettelegging for ferdsle. I høve til Naturvernlova, er landskapsvernområde er ein mindre streng verneform, der ein i større grad har høve til å gjere avvegingar mellom bruk og vern.</p> <p>Om det spesifikke Nærøyfjorden landskapsvernområde gjengjev forvaltningsplan for verdsarvområdet at «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbrentforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.» Nærøyfjorden landskapsvernområde femnar 576 km², og blei oppretta 8. november 2002.</p> <p>UNESCOs verdsarvkonvensjon og verdsarvområdet Norge ratifiserte Verdsarvkonvensjonen i 1977, og forplikta seg dermed til ta vare på både nasjonale kultur- og naturminne og steder som står på verdsarvlista. Gjennom konvensjonen oppfordrast landa til å integrere verdsarven i den generelle arealplanlegginga og å gi plassane den høgaste juridiske beskyttelse som eit kulturminne og naturområde kan få, samt å ivareta plassane med omsyn til personale, service og formidling. Nærøyfjordområdet er ein del av «Vestnorsk Fjordlandskap delområde Nærøyfjorden og Geirangerfjorden», eit område som UNESCO gav verdsarvstatus frå 14. juli 2005. Nærøyfjordområdet omfattar eit areal på ca. 709 km² i det indre fjordsystemet på sørsida av Sognefjorden. Av dette er ca. 683 km² verna etter naturvernlova. Ca. 51 km² er sjøareal, av dette er ca. 34 km² verna etter naturvernlova. Området er samansett av fleire verneområde.</p> <p>Eit av områda som omfattast av verdsarvområdet er Nærøyfjorden landskapsvernområde. Medan enkelte områder, som planområdet med gruvedrift, deler av E16, og hamna i Gudvangen er unntatt frå verneområdet, inngår dei alle i verdsarvområdet, som illustrert i figurvedlegg.</p>

	<p>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utarbeida ein forvaltningsplan for «Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (2008)». Planen skildrar ulike delområde, trekk opp retningslinjer og gjev tilrådingar knytt til arealbruk, forvaltning og busetting.</p> <p>Nærøyfjorden verneområdestyre har nyleg starta arbeidet med å revidere forvaltningsplanen for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden. Oppstartsmelding med prosjektplan er på høyring fram til medio februar 2020.</p> <p>Verdsarvkomiteen i UNESCO hald fram at dei «Bed om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknadene av eksisterande gruedrift. Nøye overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området.</p> <p>Verneforskrift og grenser for Nærøyfjorden landskapsvernområde i Gudvangen/Nærøydalen er utforma slik at det er teke høgde for ev. underjordisk bergverksdrift i området, så framt fjellportar for tilgang til driftsareal og utskipping ligg utanfor vernegrensene til landskapsvernområdet.</p> <p>Rikspolitiske planretningslinjer for verna vassdrag og Nærøydalselvi</p> <p>Nærøydalselvi, like sør forplanområdet, er eit verna vassdrag sidan 2005, og dermed gjeld rikspolitiske planretningslinjer for verna vassdrag her. Vassdraget blei verna på bakgrunn av sin urørtheit, kystnære lokalisering, som del av eit kontrastfylt fjordlandskap av internasjonal verdi, mm.</p> <p>Retningslinjene gjelder følgende deler av verneobjektet, avgrensa til:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ vassdragsbeltet, dvs. hovud-elver, sideelver, større bekker, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters bredde langs sidene av disse, ○ andre deler av nedbørfeltet som er fagleg dokumentert at har tyding for vassdraget sin verneverdi. <p>For å oppnå nasjonale mål for forvaltninga av dei verna vassdraga, må det særleg leggjast vekt på å:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø, b. sikre referanseverdien i dei mest urørte vassdraga, c. sikre og utvikle friluftslivsverdien, særleg nær befolkningskonsentrasjonar, d. sikre verdien knytt til førekomst/område i dei verna vassdraga sine nedbørfelt som det er faglag dokumentert at har betydning for vassdragets verneverdi, e. sikre de vassdragsnære områda sin verdi for landbruk og reindrift mot nedbygging der disse interessene var en del av grunnlaget for vernevedtaket. <p>Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021</p> <p>Den regionale planen er under revisjon, men gjeld fortsett. Nærøydalselvi, som verna nasjonal lakseelv, er inntatt, med mellom anna mål om å styrke fiskebestanden.</p>
--	---

5. Gjeldande og igangsetting reguleringsplan(er), jf. § 1, andre ledd, bokstav g)

Kva reguleringsplanar gjeld for planområdet, kva føringar gir dei, og i kva grad vil den nye planen følge opp desse føringane?

Planområdet femnar ei reguleringsplan frå 14.02.2008 (arealplan-id 12008002), «reguleringsplan for gruvedrift i Jordalsnuten og Glashammaren, del A», som i hovudsak regulerer området for råstoffutvinning med tilhøyrande industriverksemnd.

Formål som inngår i planen for gruvedrift:

- Industri
- industri/område for råstoffutvinning
- område for råstoffutvinning
- randsone
- vegetasjonsskjerm
- friluftsområde

Den nye planen tek sikte på å vidareføre desse føringane i kombinasjon med den nye deponidrifta, som ikkje er innanfor gjeldande regulering.

Innanfor plangrensa i sør er delar av Statens vegvesen si reguleringsplan for «E16 Parsell: Glashammarbrui-Stalheimsøyane» (i kraft frå 16.06.2005).

Tilgrensande plan sør for ovannemnte plan er «reguleringsplan for gruvedrift i Jordalsnuten og Glashammaren, del B» sør for E16. Del B, sør for vegen kombinert formål for råstoffutvinning og reiselivsverksemnd.

Dette planinitiativet gjeld berre for del A.

6. Planområdet og verknadar planarbeidet vil føra med seg utanfor planområdet, jf. § 1, andre ledd, bokstav b)

Det er rimeleg å forventa at mange i første runde vil stussa på ein plan om å etablera massedeponi i eit verdsarvområde. I det følgjande ser ein nærare på kva faktiske verknadar tiltaket kan få:

Sjølv om deponiet kjem innan verdsarvområdet, kjem det ikkje i verneområdet. Vidare skal det vera i allereie eksisterande gruvegangar/fjellhallar inne i fjellet. Det vert ingen synleg aktivitet i forhold til deponiet ute i dagen, alt vil skje inne i fjellet. I forkant av opprettinga av verdsarvområdet vart det avklart at det ikkje var motsetning mellom den eksisterande gruvedrifta og det å verta tildelt verdsarvstatus. Gruvedrifta er basert på ein ikkje tidsbegrensa konsesjon og utan mengde avgrensing. Og det er størrelsen på omfanget av gruvedrifta som avgjer maksimal deponerings kapasitet.

Det er også verd å merka seg at både lokale og nasjonale myndigheiter og UNESCO i Paris var positive då det vart søkt og seinare bygd ut eit kraftverk i Jordalselva i kombinasjon med ny veg i tunnel til fjellbygda Jordalen, dette var også eit tiltak som dei fleste i utgangspunktet ikkje trudde var råd å få gjennomført i eit UNESCO verdsarvområde, men etter grundig presentasjon av prosjektet var det positiv tilbakemelding i alle ledd.

Det er fleire miljøaspekt som må gjerast greie for i forbindelse med planane om framtidig deponi i fjellhallar, som støv og støy, utslipp frå trafikk, sigevatn og transport til/frå utskipingskaia i Gudvangen.

Dersom løyve til oppstart av deponi vert gitt vil knuseverket til Gudvangen Stein verta flytta inn i fjellet. Det vil redusera eventuelle miljøaspekt som støy og støving av denne del av drifta. Eit nytt knuseverk vil i sin heilheit vera elektrisk og gi mindre behov for internttransport enn dagens anlegg. Vidare vil ein samstundes med etablering av nytt knuseverk leggja til rette for å kunna bruka elektrisk lastar på stuff og på sikt batteridrivne anleggsmaskiner. Dette vil gi vesentleg redusert CO2 utslipp og betring både av arbeidsmiljøet i gruva og luftkvaliteten i Nærøydalen. På grunn av Gudvangen Stein sitt førre store utbyggingsprosjekt – Holmen Kraftverk har ein rikeleg tilgang på kortreist grøen energi til både knuseverk, anleggsmaskiner og lastebilar.

Utover aktivitet i sjølve gruva er det først og fremst tilførslevegen som vil kunne påverkast ved realisering av ønska tiltak, med transport av massar inn til området. På grunn av den store uttransporten av stein har ein rikeleg med ledig returtransport til å ta med massar til deponiet, ein forventar derfor ikkje vesentleg auke i trafikkbelastninga. På grunn av vesentleg forskjell i eigenvekt på det fastfjellet som ein tek ut av gruva og eigenvekt på det avfallet som eventuelt vil verta lagt inn igjen, vil mengda masse inn over tid nødvendigvis vera mindre enn det tall tonn som vert tatt ut. Og såleis vil det for eksempel vera mindre behov for f.eks. lastebilkapasitet inn til gruva enn tall lastebilar som fraktar stein ut. Ein viss auke i drivstoffbruk må ein vera førebudd på, men samtidig er dei store lastebilfabrikkane no alt begynt å levera også store lastebilar med batteridrift slik at det ser ut til å vera innan rekkevidde å i stor grad basera seg på elektriske lastebilar til transport til og frå kai. Nødvendige samferdsleanlegg er i stor grad allerede etablert, i samband med drifta i dag. Trafikk skapar alltid noko støy og utslepp. Men, dersom ein klarar å nytte eksisterande tom-kapasitet inn, vil ikkje utslaget i høve til støy og utslepp frå trafikk vere særleg omfattande.

For strekninga på fylkesvegen mellom E16 og kaia i Gudvangen, og på kaia i Gudvangen vil transport, lasting og lossing av anortositt og avfall kome i kontakt med turistnæringa. Gudvangen Stein har i dag god dialog med hotellet i Gudvangen sentrum. Liggetid på båtar i hamn er på om lag eit døgn, og dette vil vera tilstrekkeleg sjølv om det vert aktuelt å lossa avfall innan ein lastar anortositt. Avfallet skal lastas direkte på lastebil, utan mellom lagring på kaia. Avbøtande tiltak for å skjerma dagens anortositt-haugar på kaia kan vurderast i planprosess.

Eit sentralt miljøaspekt er å sikre at det ikkje vil vera avrenning/forureining av omgjevnadene og då spesielt den lakseførande og verna Nærøydalselva. Deponiet vil verta etablert slik at avrenning ikkje vil skje. Det vil vera oppsamling og reinsing av eventuelt sigevatn inne i gruva/deponiet og ein planlegg med å etablere deponiet i dei hallane som ligg lågare enn elva og vesentleg lågare enn lågaste tunnelinngang/utgang, noko som i seg sjølv sikrar mot avrenning.

Forureiningslova sine prinsipp er at det er ulovleg å forureine. Deponidrift krev løyve med vilkår frå miljømyndigheitene for å sikre at det ikkje vert negative påverknad frå drifta. Vidare set avfallsforskrifta, §9, strenge krav til utforming av deponi, også underjordiske deponi. Dette for å sikre at alle nye deponi er tette og ikkje dannar sigevatn som kjem i kontakt med grunnvatn. Deponiet sin lokalisering i tette fjellhallar vil sikre at risikoen for utlekning vil verte kraftig redusert. Utlekning vil også verte teoretisk umogleg dersom hallane plasserast så djupt at det er innadretta trykk i grunnvatnet i fjellet. Sjølve utforminga av deponi i fjellhallane skal sjølvstøtt ivareta denne type risiko.

Eit anna aspekt, er ringverknader for lokalsamfunnet. Etablering i av deponi vil i første runde sikra dei 15 direkte, samt ein del indirekte, arbeidsplassar som er i Gudvangen Stein i dag. Etter nokre oppstartsår er det rimeleg å leggja til grunn at etablering av deponi vil føra til at dette aukar til ca. 25 årsverk. Nye arbeidsplassar og ikkje minst heilårsarbeidsplassar (ikkje knytt til reiselivsverksemd) vil ha verdi for lokal busetting.

Søkjær er fullt innforstått med at Verdsarvstatusen er svært viktig for lokalområdet og det vil vere premiss for reguleringa at statusen verdt uendra. Men sidan dagens gruveaktivitet har vore akseptabel og all deponiaktivitet vil vera inne i fjellet kan vi ikkje sjå at tiltaket verken vil vera til vesentleg ulempe for fastbuande eller turistar. Tvert imot vil tiltaket vera med på å sikra aktivitet og arbeidsplassar på heilårsbasis i eit område som i dag er prega av svært store sesongbaserte svingingar i aktivitetsnivået.

Å beskrive løysingar som sikrar at det vert ingen miljøpåverking frå deponiet vil utgjere ei sentral del av planarbeidet.

7. Planlagt utbygging, anlegg og andre tiltak, jf. § 1, andre ledd, bokstav c)

I ny reguleringsplan skal det regulerast for både fortsett gruvedrift og tilrettelegging for deponi i eksisterande og framtidige fjellhallar. Sjå bilete i figurvedlegg, av fjellhall. Det vert naudsynt å regulera i to plan, eit på bakkenivå og eit under bakkenivå. Hovudverksemda vil skje under bakkenivå, med åtkomst og nokre funksjonar på bakkenivå. Det er ikkje behov for riving av bustader, eller liknande.

Aktuelle arealformål vil vere råstoffutvinning med tilhøyrande industriverksemd, deponi, og vegformål.

Etablering av deponi vil først trygge dei 15 lokale gruvebaserte arbeidsplassane. Dernest vil etableringa føre til utvida aktivitet, og samla sett realistisk føre til auke i sysselsettinga med 10 årsverk, dvs. skapa nye arbeidsplassar.

Som nemnd over, vil oppstart av deponi også føre til at knuseverket til Gudvangen Stein verta flytta inn i fjellet, noko som reduserer synlegheit av drifta, og at støy og støv vil bli kraftig redusert. Eit nytt heil-elektrisk knuseverk vil og gi mindre behov for internttransport enn dagens anlegg, og bidra til redusert CO2 utslepp og betring av luftkvaliteten. Ev. skjerming av losse og lasteaktivitetar på kaia, kan og bidra til reduksjon av støy og støv.

Det er ikkje naudsynt med riving eller særlege tiltak på grunnen.

Kommunen har ytra ønske om å sikre vegetasjonsbelte som buffer mot verna vassdrag, noko som kan sikrast både i plankart og føresegn.

8. Utbyggingsvolum og byggehøgde, jf. § 1, andre ledd, bokstav d)

Under overflata i planområdet er det fleire kilometer, i fleire plan, av gangar og store hallar, danna av gruveverksemda. Det er desse hallane som skal nyttast som deponi. Dei fleste hallane har eit volum på 15-25 000 kubikk. Fortsett gruveverksemd vil danna nye hallar, av same karakter.

Grunneigar sin eigedom er på over 600 mål, med ikkje tidsbegrensa konsesjon på uttak av stein/anortositt. Det er gjort omfattande geologiske undersøkingar som viser at det er mange hundre millionar tonn med anortositt tilgjengeleg. Førekomsten i/ved Nærøydalen er truleg blant dei største i verden. Stort uttak av stein gjennom mange år gjer at fjellhallar praktisk talt er klare til å ta mot massar for deponering. Samstundes vert nye fjellhallar sprengt ut kvart år, ikkje for å lage plass til deponi, men på grunn av uttak av anortositt. Med utnytting av dei tomme fjellhallane til deponi i Gudvangen, så kan det lagrast millionar av tonn med avfall i mange tiår framover utan «unødvendig» uttak av fjell for å lage deponi.

9. Funksjonelle- og miljømessige kvalitetar, jf. § 1, andre ledd, bokstav e)

Tilkomst for tiltaket vil vere via eksisterande avkøyring frå E16 inn på eige eigedom og via eksisterande tunnelinngangar inn i fjellet. Gudvangen Stein har tilgang til eigen kai og sjø i Gudvangen. Endringar knytt til transport, trafikk og aktivitet ved utskipingskaia i Gudvangen skal belysast gjennom planprosessen. Anortositten vert transportert ut med lastebil til kai og båt. Det gjer at ein har stor tilgjengeleg returkapasitet både på båt og bil, slik at inntransport av massar ikkje treng generera ekstra transport, men utnytting av transport-kapasitet begge vegar. Det er verken behov for investeringar i form av uttak av fjellhallar eller bygging av ny infrastruktur i form av veg, kai osv. Dette gjer at klimaavtrykket frå eit deponi hos oss blir lite.

Flytte knuseverket inn i fjellet bidreg som nemnt til å redusera støy og støv i planområdet. (Sjå punkt 6)

Det er svært gode geologiske eigenskapar i denne anortosittførekomsten. Fjellet er svært tett og med svært lite hol eller sprekker. Så dei hydrogeologiske eigenskapane er veldig gode med svært lite vassgjennomtrenging. Det er også gode geokjemiske eigenskapar, noko som er ein stor fordel for ein del avfallstypar. I tillegg er fjellhallane

plassert lågare enn utvendig landskap, noko som inneber at det er innoverretta vasstrykk. Med nettverket av tunnelar i gruva, så er det lagt svært godt til rette for oppsamling, kontroll og reinsing av eventuelt sigevatn.

Blågrøn struktur, i form av gjenoppretting og etablering av vegetasjonsbuffer mellom gruve- og deponiverksemda og det verna Nærøydalselvi, vil bidra til å trygge vassførekomsten og skjerma innsyn i drifta.

10. Tiltaka sine verknadar på, og tilpassing til landskap og omgjevnader, jf. § 1, andre ledd, bokstav f)

Landskapet kring gruva dominerast av skog og fjell. Nærmaste bustad ligg ca. 1,4 km frå anlegget. Nærøydalselva og hovudvegen E16 går like sør for planområdet, og Jordalselvi ligg vest for planområdet. Sett frå vegen E16, sør for planområdet er det noko vegetasjon som skjermar, men flyfoto visar tydeleg spor av bergverksaktiviteten. Og under overflata er det fleire kilometer, i fleire plan, av gangar og store hallar. På overflata er det fire bygg knytt til noverande verksemd.

Ved å flytte knuseverket inn i fjellet vil påverknad på landskap og omgjevnader bli mindre, i høve til støv og støy, og industriområdet ute i dagen i stor grad kan tilbakeførast/ veksa til med skog igjen.

I samband med gruve drifta er det tatt prøver av pH verdi og finstoffinnhald både oppstrøms og nedstrøms gruva. Resultata synar at gruveverksemda ikkje påverkar elva. Ny deponiverksemd skal verta etablert slik at avrenning ikkje vil skje. Det vil vera oppsamling og reinsing av eventuelt sigevatn inne i gruva/deponiet og ein planlegg med å etablere deponiet i dei hallane som ligg lågare enn elva og vesentleg lågare enn lågaste tunnelinngang/utgang, noko som i seg sjølv sikrar mot avrenning.

Forureiningslova sine prinsipp er at det er ulovleg å forureine. Deponidrift krev løyve med vilkår frå miljømyndighetene for å sikre at det ikkje vert negative påverknad frå drifta. Vidare set avfallsforskrifta, §9, strenge krav til utforming av deponi, også underjordiske deponi. Dette for å sikre at alle nye deponi er tette og ikkje dannar sigevatn som kjem i kontakt med grunnvatn.

Lokalisering i tette fjellhallar og naturleg fall på hallane til lågpunkt sikrar full kontroll på eventuell sigevatn, og at det ikkje skal være risiko for ukontrollerte utslepp. Dei fleste hallane er plassert så djupt at det er innadretta trykk i grunnvatnet i fjellet.

11. Vesentlege interesser som vert påverka av planinitiativet, jf. § 1, andre ledd, bokstav h)

Som synt i punkt 4, er planområdet lokalisert innanfor verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, og tett på landskapsvernområde Nærøyfjorden omkring planområdet.

Vidare er Gudvangen sentrum, der lasting og lossing vil gå føre seg, regulert med omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Nærøydalselvi er eit verna laksevasdrag, og renn like sør for tiltaket. Her må hovudtrekka i landskapet, kantvegetasjon, vasskvalitet, mm. takast omsyn til, jf. siste del av avsnitt 4.

Transport mellom gruva og utskipingshamna i Gudvangen går dels på E16, dels på fylkesveg (Fv.) 5623 fram til kaia i Gudvangen. Særleg på fylkesvegen kan det, i høgsesong for turisme, vere trengt om plassen. Transport til og frå kaia, samt lossing og lasting må gå føre seg på måtar som tillèt fortsett sameksistere med eit stort tal turistbussar og besøkande, er eit tema som treng vidare utgreiing.

Det er eit grunnleggande premis for den nye deponiverksemda at det skal nyttast løysingar som tek i vare omsyn til verdsarvstatusen og laksevassdraget. Dialog og informasjonsflyt vil vere sentralt. Tilhøve knytt til transport er sentralt, både med omsyn til fortsett gruvedrift og ny deponidrift.

12. Korleis skal samfunnstryggleiken ivaretakast, blant anna gjennom å førebygga risiko og sårbarheit? Jf. § 1, andre ledd, bokstav i)

Samfunnssikkerheit må alltid ivaretakast i planarbeid. Risiko og sårbarheit vil verte grundigare vurdert gjennom ei eiga risiko- og sårbarheits (ROS) analyse i planen, og ev. særskilde rapportar. Ei gjennomgang av moglege naturfarar, samt menneske- og verksemdsbaserte farar, synar at det vil vere særleg aktuelt å gjere greie for situasjonen og moglege risiko- og sårbarheits-reduserande tiltak kopla til:

- Flaum, då søre delar av området ligg tett på Jordalselva og inngår blant NVE sine aktsemdsområde for flaum
- Snø- og steinskred, då tilnærma heile området ligg i område kartlagt som aktsemdområde med potensiell skredfare
- Steinsprang,
- Marine avsetningar, då delar av området ligg under marin grense
- Transport til området og sikkerheit kring aktiviteten knytt til mottak av farleg avfall
- Trafikktryggleik, knytt til mellom anna bruken av tyngre køyretøy
- Støy og støv frå verksemda, særleg med tanke på ny verksemd
- Ureining til grunnen, til dømes sigevatn, med tanke på ny verksemd
- Samlokalisering med sårbare objekt, derunder Nærøyfjorden verdsarvpark og landskapsvernområdet, samt omsynssone bevaring kulturmiljø i Gudvangen sentrum
- Forholdet mellom gruvedrift og deponi av farleg avfall – ev. ekstra risiko som følgje av kombinasjonen av aktivitet (transport til og frå kaia, førehald i gruva)

13. Kva for offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om oppstart av planarbeidet, jf. § 1, andre ledd, bokstav j)

Følgjande instansar bør varslast ved oppstart av plan. (Lista er ikkje nødvendigvis uttømmende).

- Grunneigarar i og ved planområdet, og i Gudvangen ved utskipinga
- Ulike delar av Aurland kommune, kopla til næring, vassdragsforvaltning, klimatilpassing, teknisk etat
- Voss herad
- Fylkesmannen i Vestland/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, miljø og klima, plan og bygg
- Vestland fylkeskommune,
- Noregs vassdrags- og energiverk/ NVE Region Vest,
- Statens Vegvesen/ Region vest,
- Miljødirektoratet,
- Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (VAR) v/Nærøyfjorden verdsarvpark
- Verneområdestyre/ Nærøyfjordområdet, v/Verneområdeforvaltar/ Nærøyfjordområdet,
- Klima og miljødepartementet,
- Forum for natur og friluftsliv (Den norske turistforeining, Miljøvernforbundet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet),
- Direktoratet for mineralforvaltning,
- Telenor Servicesenter for nettutbygging,
- Aurland Energiverk,
- Aurland hamnevesen KF,
- Nærøydalen Elveigarlag

<p>Samt at Verdsarvkomiteén i UNESCO ber om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknadene av eksisterande gruvedrift.</p>	
<p>14. Prosessar for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynder, grunneigarar, festarar, naboar og andre som kan bli påverka av planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav k), og § 2, andre ledd bokstav a)</p>	
<p>I høve til Plan- og bygningsloven sin § 5 skal det alltid leggjast til rette moglegheit til påverknad i samband med regulering av nye tiltak, gjennom høyring og offentleg ettersyn. Etter oppstartsmøte og politisk forankring vil oppstart av planarbeid verte varsla gjennom vanlege kanalar. Det vil seia i lokal presse (Sogn Avis eller Avisa Hordaland), på Opus sin nettside, og med elektronisk eller fysisk brev til grunneigarar, naboar, offentlege organ og andre rørte parter. Kommunen kan og kunngjere på eigen heimeside, mm. Innspel vil takast med vidare i utforming av planen. Ved offentleg ettersyn av planframlegget kjem ei ny moglegheit for allmenta til å utala seg, då om det meir omfattande planmaterialet som vil bestå av plankart, reguleringsføresegn, planskildring med ev. konsekvensutgreiing, mm.</p> <p>I tillegg til desse lovpålagte moglegheitene til medverknad, legg tiltakshavar opp til ei transparent prosess, med folkemøte for kvar milepæl planen rundar. Det fyrste møtet er allereie heldt, den 20.11.2019, med vitjing i gruva. Desse møta vil skapa ein arena, både for å formidle informasjon om prosjektet, opne for innspel undervegs, sikre involvering i reguleringsprosessen og bidra til lokal forankring av planen.</p> <p>Det er og ein prosess i gong, knytt opp mot myndigheiter og UNESCO, mellom anna i form av møte og kontakt med ordførarar i nabokommunar og verdsarvområdet. Tiltakshavar har vore, og er i dialog med formannskapet i Aurland og planlegg vidare dialog for å opplyse mest mogleg om dei planlagde aktiviteten og at det er kompatibilitet med fortsett verdsarvstatus. Det er en føresetnad frå tiltakshavar at det nye tiltaket ikkje påverka verdsarvstatusen.</p>	
<p>15. Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne ivaretakast, jf. § 1, andre ledd, bokstav l)</p>	
<p>15 a) Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6</p>	
<p>Fell inn under kriteria i § 6, første ledd, bokstav a)? Grunngjeving:</p> <p>Planen fell ikkje inn under paragrafen sitt ledd a), da dette er ein reguleringsplan, og ikkje ein plan av overordna karakter.</p>	<p>Ja: <input type="checkbox"/> Nei: <input checked="" type="checkbox"/></p>
<p>Fell inn under kriteria i § 6, første ledd, bokstav b)? Grunngjeving:</p> <p>Tiltaket kan sjå ut til å krevje konsekvensutgreiing med planprogram etter § 6 b), da den er omfatta av vedlegg I, punkt 19, om uttak av mineral, mm.</p> <p>Samstundes har store delar av området allereie vore gjennom ein reguleringsprosess for uttak av anortositt, og har konsesjon for uttaket. Dette svekker behovet for ytterlegare utgreiing knytt til gruveverksemda. Planavgrensinga for ny plan er noko annleis enn gjeldande regulering. Ny regulering skal omfatte både vidare gruveverksemd og ny deponiverksemd. Dersom området som ikkje er regulert for uttak, men grensar til nåverande uttak, skal nyttast i samband med gruvedrifta kan det argumenterast for at ein</p>	<p>Ja: <input type="checkbox"/> Nei: <input checked="" type="checkbox"/></p>

<p>ikkje vil oppnå særleg ny kunnskap ved greie ut på nytt. Det konkluderast med at planen ikkje krev konsekvensutgreiing etter § 6, bokstav b).</p>	
<p>15 b) Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar på miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 8</p>	
<p>Fell inn under kriteria i § 8, første ledd, bokstav a)? Grunngjeving:</p> <p>Planen er omfatta av vedlegg II, punkt 2b og 11k, slik at tiltaket kjem til å krevje konsekvensutgreiing også på bakgrunn av denne paragrafen.</p> <p>For vedlegget sitt punkt 2b kan det argumenterast som over, at gruveverksemd er allereie regulert og konsesjon gitt. For punkt 11k, slår likevel forskrifta inn. Deponiverksemda vil vere ny, og det er ikkje greia ut kva konsekvensar det kan få for planområdet og nærområdet.</p>	<p>Ja: <input checked="" type="checkbox"/> Nei: <input type="checkbox"/></p>
<p>15 c) Opplysningar som skal leggest fram av forslagsstiller som grunnlag for ansvarleg myndigheit si vurdering etter § 11 eller § 12, jf. KU-forskrifta § 9</p>	

<p>Det er gjort ei vurdering mot bokstav A-D i KU-forskrifta §9.</p> <p>Bokstav A: Tiltaket skal lokaliserast under bakkenivå, og deponiverksemda sikrast på forskriftsmessig vis mot påverknad av miljøet.</p> <p>For bokstav B: Planområdet ligg i verdsarv Vestnorske fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Vernet laksevassdrag renn sør for tiltaket, og landskapsvernområde er lokalisert like nord for plangrense og sør for E16. Det er et premiss at tiltak skal kunne gjennomførast utan påverknad på desse verdiane.</p> <p>Bokstav C: Tiltak kan bidra til noko auke i utslepp frå eksisterande køyretøy som vil få last inn, ikkje berre ut. Dette kan eliminerast med elektrifiserte køyretøy, lada frå Holmen Kraftverk, som gjer rikeleg tilgang på kortreist grøn energi til både knuseverk, anleggsmaskiner og lastebilar. Det vil liggje som ein føresetnad at hallane skal vere mest mogleg tørre og at mengda innlekkasje skal vere låg. Ein planlegg å etablere deponiet i dei hallane som ligg lågare enn elva og vesentleg lågare enn lågaste tunnelinngang/utgang, noko som i seg sjølv sikrar mot avrenning. Eventuelt sigevatn vil ein derfor sikre full kontroll på, og vil måtte pumpes ut via kontrollert utsleppspunkt via et reinseanlegg, om det blir nødvendig.</p> <p>Bokstav D: Utover godkjent uttak av stein/anortositt skal ikkje naturressursar nyttast. Omsyn til vatn, reinsing av ev. utslepp til vatn skal vere teknisk mogleg å ivareta på ei slik måte at det ikkje forventast vesentlege verkingar.</p> <p>Ei samla vurdering av bokstav a-h § 10, basert på kjent informasjon, er ikkje vurdert å få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Planen skal i alle tilfelle konsekvensutgreiast, jf. forskrifta sin § 8, slik at tilhøva vert grundig utgreia.</p>
--

15 d) Forslagsstillars foreløpige vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn etter KU-forskrifta § 10

Planområdet er lokalisert tett på verneområdet (Nærøyfjorden landskapsvernområde) og i verdsarvområde (UNESCO Vestnorske fjorder, delområde Nærøyfjorden), og tett på Nærøydalselvi som er ei nasjonal lakseelv og eit verna vassdrag. Sjølv om gruvedrifta/deponiet kjem innan verdsarvområdet, kjem det ikkje i verneområdet. Vidare skal det vera i allereie eksisterande gruvegangar/fjellhallar inne i fjellet. Det vert ingen synleg aktivitet i forhold til deponiet ute i dagen, alt vil skje inne i fjellet. I forkant av opprettinga av verdsarvområdet vart det avklart at det ikkje var motsetning mellom den eksisterande gruvedrifta og det å verta tildelt verdsarvstatus. Gruvedrifta er basert på ein ikkje tidsavgrensa konsesjon utan mengdeavgrensning. Og det er størrelsen på omfanget av gruvedrifta som avgjer maksimal deponeringskapasitet.

Ein grunnleggjande premis for tiltakshavar er at ei slik framtidig drift ikkje skal verken forureine nærmiljø eller koma i konflikt med Nærøyfjorden sin status som verdsarvområde.

15 e) Skildring av opplegget for arbeidet fram til ei konsekvensutgreiing ligg føre, jf. § 2, andre ledd, bokstav b)

Som planinitiativet synar, gjeld tiltaket gruvedrift og avfallsdeponi i fjellet. Tiltaket vil krevje konsekvensutgreiingar. Aktuelle tema, (lista er ikkje nødvendigvis uttømmende):

- Akvatisk naturmangfald, jf. Naturmangfaldlova: herunder verknader av moglege endringar i gyte- og oppvekstområde for fisk, jf. Nærøydalselvi som er ei nasjonal lakseelv
- Verna vassdrag, med ressursperspektiv på vatn, kopla til vatn kvalitet og fiskeressursar, samt ev. nasjonalt og internasjonale fastsette miljømål (avfallshandsaming og miljømål)
- Naturarv/Kulturarv, tiltakets forhold til UNESCO-området Vestnorsk Fjordlandskap delområde Nærøyfjorden og Nærøyfjorden landskapsvernområde, samt forholdet til Gudvangen sentrum, (med lasting og lossing), som er regulert med omsynssone for bevaring av kulturmiljø.
- Mobilitet, i samband med transport av anortositt/avfall og lasting/lossing på kaia i Gudvangen, og trafikken på Nærøyfjorden
- Landskap, kopla til landskapsbilete og landskapets romlege og visuelle eigenskapar, og korleis landskapet opplevast som fysisk form

Planprogram skal fastsette utgreiingstema og kjelder. Minimum eit alternativ i tillegg til det såkalla 0-alternativet, som er forventa utvikling utan tiltaket, må utgreiast. Det vert anbefala å nytte anerkjente vegleiarar og handbøker, som til dømes frå Statens Vegvesen og Direktoratet for Naturforvaltning, i den grad det er relevant for plansaka si natur og utgreiingstema.

Andre tilhøve som bør utgreiast, der ein rapport utan alternativvurdering vil vere nyttig:

- Naturfarer: som ras, steinsprang, skred og flaum
- Geologi (tilhøva i gruva)
- Naturmangfalds vurdering, som tek i vare terrestrisk mangfald
- Friluftsliv/reiselivsaktivitet
- Trafikkanalyse
- Støy- og støvvurdering
- ROS-analyse
- Kulturminnedokumentasjon

16. Andre forhold	
Tema	Kommentarar
Er området utsett for flaum, ras eller usikre grunnforhold? Ja: <input checked="" type="checkbox"/> Nei: <input type="checkbox"/>	Tilnærma heile området ligg i område kartlagt som aktsemdområde med potensiell skredfare kopla til snø- og steinskred. Søre plangrense/ mindre deler av planområdet ligg i aktsemdsone for flaum. Kaia, der lastning og lossing vil gå føre seg, er i ras-utsett område.
Vil forslaget få følgjer for viktig natur? Ja: <input checked="" type="checkbox"/> Nei: <input type="checkbox"/>	Fordi aktivitet skal gå føre seg under grunnen er det mange naturaspekt som ikkje vert påverka på same måte som ved ei utbygging på overflata. Framlegget sin moglege påverknad på natur må utgreiast, særleg med tanke på verna laksevassdrag. Planen tek mål av seg til å finne gode løysingar som hindrar påverknad av vasskvalitet, naturmangfald, mm.
Er området utsett for støy eller annan forureining? Ja: <input checked="" type="checkbox"/> Nei: <input type="checkbox"/>	I dag er det støy og støv knytt til knuseverk for gruve verksemda. Ved realisering av tiltaket vil knuseverk flyttast inni fjellhall, og støy og støv problematikken sterkt redusert.
Er det forureina grunn i området? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: <input checked="" type="checkbox"/>	Gruveverksemda medfører ikkje forureining til grunn. Anna kjelde til forureining er heller ikkje kjent.
Vil forslaget få følgjer for kjente kulturminner/kulturmiljø? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: <input checked="" type="checkbox"/>	Planområdet ligg ikkje i direkte kontakt med særskilde enkeltstående kulturminne. Men området er en del av UNESCO verdsarvområde Vestnorske fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, samstundes som verneområdet, knytt til Nærøyfjorden landskapsvernområde, omkransar planområdet i nord og sør. Gudvangen sentrum, der lastning og lossing vil gå føre seg, er regulert med omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Det er ein grunnleggjande premiss for tiltakshavar er at ei framtidig drift ikkje skal koma i konflikt med Nærøyfjorden sin status som verdsarvområde.
Er det behov for rekkefølge på føresegna for å løyse utfordringar utanfor planområdet? Ja: <input checked="" type="checkbox"/> Nei: <input type="checkbox"/>	Det kan bli aktuelt i forhold til ev. behov for å gjennomføra tiltak i Gudvangen sentrum.
Har forslagsstillaren behov for å inngå utbyggingsavtale? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: <input checked="" type="checkbox"/>	Tiltaket kjem ikkje til å auka belastning på offentlig veg i særleg grad, da det er noverande «tom-transport» inn i planområdet som skal utnyttast.
Kva er hovudutfordringane i prosjektet?	Forholdet til verdsarvområdet. Trafikkavvikling i Gudvangen sentrum og bruk av kai. Skreddarsy løysingar som passar for kombinert deponi og gruveverksemd. Kommuniserer at det faktisk er mogleg å gjere dette utan negative verknader, verken på naturmiljø eller verdsarvkvatitetar.

<p>Kommenter kort forhold som kan vere viktige for å gjennomføre planen.</p>	<p>Lokal medverknad, så vel som kontakt med vernemynde, for å sikre at ein ikkje kjem i konflikt med verdsarv status. Sjå også punkt 14.</p>
<p>Overordna framdriftsplan for planen inkludert behov for seinare dialogmøte mellom kommunen og forslagsstillar, <i>jf. § 2, andre ledd, bokstav f) og g)</i></p>	<p>Skissert framdrift, lagt fram i oppstartsmøtet, er revidert. Framdrifta skissert under tek høgde for moment som kom fram i nemnte møte, t.d. behov for politisk forankring før reell oppstart. Samstundes er det eit behov for god framdrift, og fleire prosessar kan køyrast parallelt.</p> <p>Under føresetnad av at det ikkje tilkjem nye faktorar undervegs, kan ein sjå føre seg framdrift om lag slik:</p> <p>2020/ 1. Kvartal: oppstartsmøte 2020/ 2. Kvartal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Politisk forankring av planoppstart (23.04.2020) • Planprogram og varsel om oppstart planarbeid og høyring av planprogram med minimum 6 veker merknadsfrist • Merknadsmøte med kommunen • Oppstart/feltarbeid div. utgreiingar • Starte vurderingar knytt til plangrep. <p>2020/ 3.Kvartal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidare arbeid med utgreiingar • KU-gjennomgang med kommunen • Utarbeide komplett planmateriale med kart, bestemmelser, illustrasjonar, planbeskrivelse, mm. <p>2020/ 4. Kvartal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ferdigstille og kvalitetssikre alt av planmateriale • Innsending til 1.gongshandsaming andre halvdel av desember 2020 <p>2021/ 1. Kvartal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Offentlig ettersyn • Nabomøte <p>2021/ 2. Kvartal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Merknadsbehandling • Bearbeiding av planforslag • Innsending til 2.gongs handsaming andre halvdel av juni 2021 <p>2021/ 3. Kvartal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 2.gongshandsaming administrativt • 2.gongshandsaming i kommunestyret medio september <p>2021/ 4. Kvartal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Klagefrist går ut i desember 2021
<p>Kva ønsker forslagsstillar at kommunen skal bidra med undervegs i planarbeidet? <i>Jf. § 2, andre ledd, bokstav e)</i></p>	<p>Ikkje avklart enno.</p>
<p>Ønsker forslagsstillar parallell prosess plan og byggesak, jf. plan- og bygningsloven § 12-15? <i>Jf. § 2 andre ledd, bokstav d)</i></p>	<p>Ikkje aktuelt i denne saka.</p>

18. Spørsmål som forslagsstillaren ønsker avklart

I denne plansaka skal det regulerast på bakkeplan og under bakken. Det er aktuelt å operere med ei anna plangrense under bakkenivå. Planavgrensing på og under bakken vil vere nyttig å drøfte i oppstartsmøtet.

19. Dei resterande deltakarane på oppstartsmøtet**Opplysningar om deltakar 3**

Firma	Norsk Gjenvinning m3 AS
Namn	Randi Warland Kortegaard (<i>deltar via Skype</i>)
E-post	rwk@ngm3.no
Telefon	92 86 83 76

Opplysningar om deltakar 4

Firma	Opus Bergen AS
Namn	Taral Jensen
E-post	Taral.Jensen@opus.no
Telefon	98 29 14 45

Opplysningar om deltakar 5

Firma	Opus Bergen AS
Namn	Siren Sælemyr
E-post	Siren@opus.no
Telefon	94 88 74 22

20. Vedlegg

Forslag til planavgrensing (pdf og sosi-fil) → vedlagt for 2 plan, på og under bakken

Illustrasjonar → vedlagt illustrasjonsvedlegg

Skisse av plangrepet → sjå figur 5 i figurvedlegg for eksempel på fjellhall for framtidig deponi

Prinsippsnitt → sjå figur 5 i figurvedlegg for eksempel på fjellhall for framtidig deponi